



Austevoll kommune

Møteprotokoll

PLANUTVALET

Møtedato: 03.09.2009

Møtetid:

Kl. 15.00 – 17.00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saknr.:

066/09 - 075/09

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Kjetil Østervold	FRP	Øystein Østervold	FRP

Følgjande medl. møtte	Parti	Følgjande varamedl. møtte
Helge Andre Njåstad	FRP	
Jostein Blånes	FRP	
Renate Klepsvik	FRP	
Jane K Stangeland	A	
Edvard J Stangeland	SP	
Morten Storebø	H	
Julie Solbakken	H	


Møteleiar:	Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Lars Erling Horgen, Astrid N Fagerbakke
Utlevt i møtet:	Vedlegg til sak 072/09
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:


Helge Andre Njåstad

Leiar



Jostein Blånes



Renate Klepsvik


Jane K Stangeland


Edvard J Stangeland


Morten Storebø


Julie Solbakken


Øystein Østervold

066/09: GODKJENNING AV MØTEBOKA I PLANUTVALET 04.06.09

Rådmannen si tilråding:

Møteboka for planutvalet 04.06.09 vert godkjent slik ho ligg føre.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-066/09 Vedtak:

Møteboka for planutvalet 04.06.09 vert godkjent slik ho ligg føre.

067/09: REFERATSAKER

Rådmannen si tilråding:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-067/09 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**068/09: GNR. 65 BNR. 0003, 0006, 0018, 0032 UGLENES. GODKJENNING AV
REGULERINGSPLAN. PLAN FOR BUSTADER**

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Uglenes, gnr. 65, bnr. 3, 6, 18, 32 med fleire. Plankartet er datert 01.09.09 og føresegnene er datert 17.08.09.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

Jostein Blænes var ugild under handsaminga.

PLA-068/09 Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Uglenes, gnr. 65, bnr. 3, 6, 18, 32 med fleire. Plankartet er datert 01.09.09 og føresegnene er datert 17.08.09.

069/09: GNR. 25 BNR. 0010 STOREKALSØY. GODKJENT REGULERINGSPLAN

Rådmannen si tilråding:

Det faste utvalet for plansaker har vurdert klagene på vedtak i sak nr 042/09 for kommunestyret den 30.03.09, innsendt frå Steinar og Harald Kalvenes og frå Jonn Andre Bjørkelund. Planutvalet vel etter ei heilheitsvurdering ikkje ta omsyn til klagarane sine ønskjer. Planen vert difor oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland var ugild under handaminga.

PLA-069/09 Vedtak:

Det faste utvalet for plansaker har vurdert klagene på vedtak i sak nr 042/09 for kommunestyret den 30.03.09, innsendt frå Steinar og Harald Kalvenes og frå Jonn Andre Bjørkelund. Planutvalet vel etter ei heilheitsvurdering ikkje ta omsyn til klagarane sine ønskjer. Planen vert difor oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

070/09: HØRING - FRAMLEGG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT

Rådmannen si tilråding:

Planutvalet i Austevoll krev at Austevoll kommune vert stroken frå pkt 4.3 i framlegg til framtidige, statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-070/09 Vedtak:

Planutvalet i Austevoll krev at Austevoll kommune vert stroken frå pkt 4.3 i framlegg til framtidige, statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

071/09: GNR. 62 BNR. 0005 VINNES GILSVÅG. DISPENSASJON FOR BRUKSENDRING FRÅ NAUST TIL NÆRINGSBYGG FOR UMLEIGE.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen har vurdert søknad om dispensasjon motteke 03.07.09 vedkommande bruksendring for naust til næringsbygg for utleige på gnr. 62 bnr. 5 Gilsvågen, Vinnes.

I medhald av plan- og bygningslova § 7 finn ikkje rådmannen at det ligg føre særlege grunnar for å gi dispensasjon i denne saka og avslår derfor søknaden.

Grunngjeving for avslaget: Parsellen ligg innanfor eit LNF-område i arealdelen av kommuneplanen, LNF-område og plan- og bygningslova § 17.2, forbod mot bygging og frådelling i 100-metersbeltet langs sjøen.

Vedtaket er heimla i arealdelen av kommuneplanen, LNF-område og plan- og bygningslova §17-2.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-071/09 Vedtak:

Rådmannen har vurdert søknad om dispensasjon motteke 03.07.09 vedkommande bruksendring for naust til næringsbygg for utleige på gnr. 62 bnr. 5 Gilsvågen, Vinnes.

I medhald av plan- og bygningslova § 7 finn ikkje rådmannen at det ligg føre særlege grunnar for å gi dispensasjon i denne saka og avslår derfor søknaden.

Grunngjeving for avslaget: Parsellen ligg innanfor eit LNF-område i arealdelen av kommuneplanen, LNF-område og plan- og bygningslova § 17.2, forbod mot bygging og frådelling i 100-metersbeltet langs sjøen.

Vedtaket er heimla i arealdelen av kommuneplanen, LNF-område og plan- og bygningslova §17-2.

072/09: GNR. 32 BNR. 0024 SKÅR. KLAGE FRÅ FYLKESMANNEN PÅ VEDTAK I PLANUTVALET SAK 0058/06 - DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV NAUST, BRYGGE OG SLIPP.

Rådmannen si tilråding:

Planutvalet har vurdert klaga frå Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling, motteke 15.07.09, på vedtak fatta i Planutvalet sak 0058/09 den 04.06.09.

Planutvalet finn å halde fast på sitt tidlegare vedtak om å gje dispensasjon for oppføring av naust, brygge og slipp.

Planutvalet finn likevel grunn til å presisere, at naustet må først opp i samsvar med arealdelen av kommuneplanen sine retningsliner for naustbygg. Det vil sei at grunnflata ikkje skal overstige 40 m², samt at mønehøgda ikkje skal overstige 5 m rekna frå golv i 1. etasje.

Det må sendast inn nye teikningar av naustet som visar at dette vil bli gjort.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-072/09 Vedtak:

Planutvalet har vurdert klaga frå Fylkesmannen i Hordaland si miljøvernavdeling, motteke 15.07.09, på vedtak fatta i Planutvalet sak 0058/09 den 04.06.09.

Planutvalet finn å halde fast på sitt tidlegare vedtak om å gje dispensasjon for oppføring av naust, brygge og slipp.

Planutvalet finn likevel grunn til å presisere, at naustet må først opp i samsvar med arealdelen av kommuneplanen sine retningsliner for naustbygg. Det vil sei at grunnflata ikkje skal overstige 40

m2, samt at mønehøgda ikkje skal overstige 5 m rekna frå golv i 1. etasje.
Det må sendast inn nye teikningar av naustet som visar at dette vil bli gjort.

073/09: GNR. 37 BNR. 0023 AUSTEVOLL. DISPENSASJON - BRUKSENDRING FRÅ NAUST TIL NÆRINGSLOKALER

Rådmannen si tilråding:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 12.05.09, om bruksendring frå naust til næringslokaler i 2. etasje på gnr. 37, bnr. 23, Austevoll.

Planutvalet finn at det i denne saka ligg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon, og grunngevev dette med at det tidlegare er blitt gjeve dispensasjon frå/til same føremål i dette området. Med bakgrunn i dette finn Planutvalet å godkjenne denne dispensasjonssøknaden.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-073/09 Vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad om dispensasjon, motteke 12.05.09, om bruksendring frå naust til næringslokaler i 2. etasje på gnr. 37, bnr. 23, Austevoll.

Planutvalet finn at det i denne saka ligg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon, og grunngevev dette med at det tidlegare er blitt gjeve dispensasjon frå/til same føremål i dette området. Med bakgrunn i dette finn Planutvalet å godkjenne denne dispensasjonssøknaden.

074/09: GNR. 58 BNR. 0263 KOLBEINSVIK. SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGN NR. 3.2 AD. UTNYTTINGSGRAD (1)

Rådmannen si tilråding:

Planutvalet har vurdert søknad, motteke 25.05.09, om dispensasjon frå reguleringsføresegn for Gnr. 58 Bnr. 165, del av bnr. 16 og 18, Kolbeinsvik.

Det vert søkt om dispensasjon for utnyttingsgrada på eigedom nr. 58/263.

av plan- og bygningslova § 7 finn Planutvalet etter si vurdering å dispensera frå reguleringsføre I medhald segna for Gnr. 58/165, del av 16 og 18, Kolbeinsvik.

Planutvalet grunngevev si positive haldning til dispensasjon i denne saka, med at eigar ynskjer eit hus som er tilpassa til livsløpsstandard. Han har valgt eit hus med ein etasje, som dermed kan fungere like godt i alle livsfasar.

Overskridinga av utnyttingsgraden er på 1,48%.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-074/09 Vedtak:

Planutvalet har vurdert søknad, motteke 25.05.09, om dispensasjon frå reguleringsføresegn for Gnr. 58 Bnr. 165, del av bnr. 16 og 18, Kolbeinsvik.

Det vert søkt om dispensasjon for utnyttingsgrada på eigedom nr. 58/263.

av plan- og bygningslova § 7 finn Planutvalet etter si vurdering å dispensera frå reguleringsføre I medhald segna for Gnr. 58/165, del av 16 og 18, Kolbeinsvik.

Planutvalet grunngjev si positive haldning til dispensasjon i denne saka, med at eigar ynskjer eit hus som er tilpassa til livsløpsstandard. Han har valgt eit hus med ein etasje, som dermed kan fungere like godt i alle livsfasar.

Overskridinga av utnyttingsgraden er på 1,48%.

***** TILLEGGSSAKER *****

075/09: GNR. 58 BNR. 0265-0264 KOLBEINSVIK. SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - BUSTAD

Rådmannen si tilråding:

Austevoll Kommune har vurdert søknad frå Blænes Bygg AS, om dispensasjon frå gjeldane reguleringsplan i Kolbeinsvik. Det søkes om dispensasjon frå mønehøgd. Reguleringsføresegnene har ein maksimal høgd på 7m, og det er søkt om ein høgd på 8,5 m i tiltaket.

Austevoll Kommune meiner at det i dette tilfelle må det seiast å ligge føre den påkravde interessevekta for å kunne gi dispensasjon frå føresegna til reguleringsplanen § 3.2 for del av gnr.58 bnr.16,18,165 Kolbeinsvik.

Austevoll Kommune tilrår at søknaden frå Blænes Bygg AS vert imøtekomen.

03.09.2009 PLANUTVALET

Handsaming i møtet:

PLA-075/09 Vedtak:

Austevoll Kommune har vurdert søknad frå Blænes Bygg AS, om dispensasjon frå gjeldane reguleringsplan i Kolbeinsvik. Det søkes om dispensasjon frå mønehøgd. Reguleringsføresegnene har ein maksimal høgd på 7m, og det er søkt om ein høgd på 8,5 m i tiltaket.

Austevoll Kommune meiner at det i dette tilfelle må det seiast å ligge føre den påkravde interessevekta for å kunne gi dispensasjon frå føresegna til reguleringsplanen § 3.2 for del av gnr.58 bnr.16,18,165 Kolbeinsvik.

Austevoll Kommune tilrår at søknaden frå Blænes Bygg AS vert imøtekomen.